

Arkivnr: 2016/5300-60

Saksbehandlar: Karstein Oen

**Unnateke offentleggjering OFFL § 23, 1. ledd****Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		16.11.2016

**Årleg lønsregulering for fylkesrådmannen****Fylkesordføraren 07.11.2016:**

Med heimel i hovudtariffavtalen kap. 3.4.1 skal det førast forhandlingar om årleg lønsregulering for fylkesrådmannen. Fylkesrådmann Rune Haugsdal er ikkje organisert og arbeidsgivar kan difor fastsetja løna einssidig.

Det er fylkesutvalet som har fullmakt til å godkjenne forhandlingsresultat/protokoll for fylkesrådmannen si løn, jf. delegasjonsreglementet. I førre valperiode var det eit forhandlingsutval utgått frå fylkesutvalet som innstilte i saka om lønsregulering for fylkesrådmannen. Dette forhandlingsutvalet er ikkje vidareført i ny valperiode. Fylkesordføraren ser det som tenleg at det på ny vert valt eit forhandlingsutval på 3 personar – utgått frå fylkesutvalet - som innstiller i sak om årleg lønsregulering for fylkesrådmannen f.o.m. 2017.

Den økonomiske ramma for det lokale lønsoppgjeret i HFK for leiargruppa (direktørar, rektorar m.fl.) er på 2,4 - 2,5 % pr. 1.5.2016. Fylkesordføraren gjer framlegg om at fylkesrådmannen får eit tillegg på 2,5 % pr.1.5.2016 som utgjer kr. 39.000 (avrunda). Ny årsløn etter denne reguleringa vert kr. 1.601.000.

Fylkesrådmannen inngår også i beredskapsordninga til HFK. For det har han eit årleg tillegg på kr. 100.000. Beredskapstillegget er auka til 110.000 pr år frå 1.5.2016.

**Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet godkjenner lønsreguleringa for fylkesrådmann Rune Haugsdal med ny årsløn kr. 1.601.000 pr. 1.5.2016. Vidare vert beredskapstillegget regulert til kr. 110.000 pr. år frå 1.5.2016.

Det vert valt følgjande medlemmer til forhandlingsutvalet

- 1.
- 2.
- 3.

Fylkesordføraren

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*